

Metoderapport

Journalist Øystein Windstad for Ny Tid

Torturert og drept etter å ha bli nektet asyl i Norge

Publisert på nett og papir i Ny Tid, 17. desember:

<http://www.nytid.no/torturert-og-drept-etter-a-ha-blitt-nektet-asyl-i-norge/>

<http://www.nytid.no/de-vil-bli-mishandlet-og-torturert/>

Om korleis arbeidet kom i gang

Denne starta då eg jobba med ei anna sak om tsjetsjenarar i Norge. Saka som eg jobba med først handlar om russisk flyktningsespionasje mot tsjetsjenarar som bur i Norge. Dette er ei sak eg gjorde som ei oppgåve som ein del av mitt masterstudie i dokumentar og undersøkjande journalistikk ved Høgskulen i Volda. Denne saka er solgt inn som nettdokumentar-prosjekt hos NRK og Digital undersøkende redaksjon og skal publiserast i februar etter plana. Hovudkjelden i dette dokumentarprosjektet fortalte til meg at fleire tsjetsjenarar som hadde blitt sendt ut av Norge, blei torturert og drept etter at dei kom tilbake til Tsjetsjenia. Dette var ein kjelde som PST hadde stadfesta snakka sant om flyktningsespionasjen han og andre hadde blitt utsett for i Norge. Difor fann eg det verdt å starte undersøkinga rundt om dette kunne stemme, at avviste tsjetsjenske asylsøkarar hadde blitt drept. Arbeidet med dette starta i september 2015 i Oslo, der eg har kontor. Sakene blei publisert 17. desember 2015, med oppfølgingsaker 15. januar 2016.

Kva var den sentrale problemstillinga ved starten av prosjektet?

Den sentrale probelmstillinga var om det var belegg for om tsjetsjenske avviste asylsøkarar hadde blitt drept etter dei kom tilbake til Tsjetsjenia, og om myndigheitene kunne stå bak dei eventuelle dødsfalla. Eg hadde ei minimushypoteste: "To tsjetsjenske asylsøkarar som blei avvist av norske myndigheiter blei funne døde etter at dei kom tilbake til Tsjetsjenia". Maksimumshypotesa var "To tsjetsjenske asylsøkarar som fekk avslag i Norge blei torturert og drepne av tsjetsjenske myndigheiter etter dei kom tilbake til heimlandet".

Om problemstillinga og forandring av den undervegs

Etterkvart som eg jobba med saka blei det klart at to asylsøkarar var dokumentert døde etter at dei måtte ut av Norge og blei funne ikkje truverdige av norske myndigheiter. At dei to var døde blei stadfesta av UDI og UNE sjølve. Under arbeidet med sakene fekk eg også tak i ein tsjetsjensk obduksjonsrapport

som omtala dødsårsaken til det eine caset. Eg sendte obduksjonsrapporten over til UNE, som svarte med at dei ikkje fann grunn til å tvile på at den var ekte. UNE fekk obduksjonsrapporten oversendt før eg møtte dei til intervju. Det var obduksjonsrapporten til Apti Nazjujev. Der står det at han døde etter å ha fått naglar og tenner trekte, etter å ha blitt utsett for fleire stikk med spiss gjenstand som gjekk 3 cm eller lenger inn i kroppen, etter å ha fått kneskålene hans knuste og etter å ha fått hodeskallen knust.

Problemstillinga blei utvida under vegs ettersom det sat to tsjetsjenske asylsøkarar på Trandum som Den norske Helsingforskomitè, den russiske menneskerettsorganisasjonen Memorial og fleire familiemedlemmar meinte ville lide same skjebne som dei som hadde blitt sendt ut og som var døde. I tillegg viste det seg Apti Nazjujev, som eg hadde obduksjonsrapporten til, var søskenbarnet til den eine som sat på Trandum. Han heiter Iznaour Dibirov. Grunnen til at slektskapet mellom desse to var journalistisk relevant, er at fleire rapportar frå Amnesty og Landinfo (norske utlendingsmyndihgeiter sitt eige organ for å undersøke forholda i landa det kjem asylsøkarar frå) slo fast at det er svært vanleg av tsjetsjenske myndigheiter å gå laus på brødre, søskenbarn og klassekameratar til opprørarar eller folk myndigheitene ikkje likar. Noko som også utvida problemstillinga mi var at i rettsdokumenta til Iznaour Dibirov (sjå vedlagt dom frå tingretten) står det at hans søskenbarn Apti Nazjujev ikkje hadde blitt drept. I og med at Oslo tingrett kom fram til at hans søskenbarn ikkje hadde blitt drept, meinte dei at det ville vere trygt for Iznaour Dibirov i Tsjetsjenia. Obduksjonsrapporten eg sat på og som UNE meinte er ekte, beviste altså at retten tok feil på dette punktet, noko som var relevant med tanke på gyldigheita i hans avslag. Avslaget til Iznaour Dibirov var basert delvis på at retten meinte hans søskenbarn ikkje hadde blitt drept, og at det som følge av dette ikkje ville vere fare for forfølgelse av Dibirov.

Problemstillinga til dei to som sat på Trandum blei ein eigen artikkel, ei undersak til hovudsaka om dei to som blei funnen døde i Tsjetsjenia. Problemstillinga her var om det kunne vere fare for at desse to kunne bli forfulgt om dei blei sendt ut av Norge og kom til Russland eller Tsjetsjenia.

Språk og sjanger

Eg valgte å prøve å ha eit så nøytralt og nøkternt språk som mogleg i desse sakene. Eg prøvde å bruke minst mogleg lada eller dramatiserande ord i sakene. Eg valgte å beskrive kva obduksjonsrapporten slo fast var dødsårsaken til Apti Nazjujev, ord for ord, heller enn å skrive at han døde grunna grov tortur. Eg ønska heile tida å vise, istadan for å fortelle. Fordi dette er ei sak som har eit svært alvorleg tema ønska eg å ha eit så nøkternt som råd språk og minst mogleg dramaturgi. Eg forsøkte å få til ein ingress som fortalte i hovudsak kva saka handla om, der eg presenterte informasjon, fakta og dokumentasjon nedover i artikkelen. Eg kunne ha valgt ein meir reportasjeprega sak med meir dramatisk språk, men eg valgte dette bort fordi eg meinte at fakta og obduksjonsrapporten eksempelvis ville stå godt nok i seg sjølv. Formålet var å skrive ein inngang på saka som skapte interesse, og porsjonere ut relevant fakta undervegs som historiene til Apti Nazjujev og Umar Bilemkhanov, og Iznaour Dibirov og "Jonas" blei fortalt.

Om arbeidet, metodebruk og problem undervegs

I og med at eg jobbar som frilansjournalist og tilkallingsvikar jobba eg med desse sakene i tillegg til det vanlege arbeidet og på fritida mi for det meste. Eg fekk innsyn i asylsakene til dei to som sat på Trandum. Dette gav med innsyn i saksdokumenta til UDI og UNE og det gjorde at UNE kunne stille til intervju om sakene. Eg oppsøkte advokatane til dei to på Trandum og advokaten til dei to som er døde. Via advokatane fekk eg innsyn i alle tilgjengelege rettsdokument eller dokument frå UNE og UDI. Eg oppsøkte også Den norske Helsingforskomitè, der eg fekk skriftlege uttalelsar frå Memorial, som hadde uttalt seg i alle dei fire sakene og i tillegg skriftlege uttalelsar frå Den norske Helsingforskomitè sjølve. Eg fekk også tilgang til obduksjonsrapporten til Apti Nazjujev via Den norske Helsingforskomitè. Dei hjalp meg også å komme i kontakt med søstra til Apti Nazjujev, Aset Nazjujeva, som bur i Sverige. Eg oppsøkte den tsjetsjenske advokaten Akhmed Gizajev som tidlegare jobba for Den norske Helsingforskomitè og som har stor innsikt i tsjetsjenske asylsaker og folk som har blitt avvist. Han sette meg i kontakt med fleire som nyleg måtte ut av landet

og som no levde i skjul i Russland, på veg mot eit anna europeisk land. Eg fekk navna til dei, og kryssjekka med rettsdokument og dommar som ligg tilgjengelege på Lovdata, for å sjekke at dette var dei personane dei utgav seg for å vere. Alle intervju eg gjorde, brukte eg diktafon og lagra opptaka på fleire eksterne harddiskar som sikkerheitskopi. Dette i tilfelle om det skulle vere tvil om kva som blei sagt eller ikkje. Metodane eg bruke var intervju, lesing og kryssjekking av rettsdokument, avslag frå UNE, rapportar frå Landinfo og ei rekkje andre kjelder.

Problem under vegs:

Etter at eg hadde fått obduksjonsrapporten, dokumenta frå rettsaka til Iznour Dibirov som viste at det var feil i hans rettssak, og alle andre relevante dokument frå UNE, UDI og Memorial blant andre, gjekk eg til NRK. På denne tida jobba eg som tilkallingsvikar i NRK Kulturnytt, på nett, radio og TV. Eg hadde frå før solgt inn dokumentarprosjektet til Digital undersøkende redaksjon, og gjekk til dei. Dei sendte meg vidare til NRK Innanriks. Dei var interessert i saka på nett, Dagsrevyen og Dagsnytt. Eg fekk sett av fire dagar der eg jobba med å gjere TV-intervju med UNE, NUPI-forskar Julie Wilhelmsen, Den norske Helsingforskomitè og dei to som sat på Trandum. Både nett- og TV-sakene var så godt som ferdige og skulle etter plana publiserast. Etterkvart blei leiinga av innanriksredaksjonen skeptisk til saka og dei sette den på vent. Grunngevinga var at ein ikkje kunne sei noko om kven som stod bak dødsfalla til dei to. På dette tidspunktet meinte Memorial, Den norske Helsingforskomitè, familien til dei døde og blant andre advokat Gizajev at det var tsjetsjenske myndigheiter som stod bak dødsfalla. Eg fann grunngevinga til leiinga av innanriksredaksjonen noko merkeleg, ettersom ein obduksjonsrapport slo fast at den eine var død etter tortur, og at vektige både norske og russiske kjelder meinte at tsjetsjenske myndigheiter stod bak dødsfalla. Dei same kjeldene hadde advart mot utsendinga, fordi dei meinte det var stor fare for at dei to ville bli forfulgt og torturert. Eg sat også på ei skriftleg erklæring frå den eine døde der han rapporterte at han blei torturert av tsjetsjensk sikkerheitspoliti etter han kom tilbake til Tsjetsjenia. Alt dette hadde eg lagt fram på redaksjonsmøta. Etter at saka blei sett på vent, Skype-intervjua eg Akhmed Zakajev, ein tsjetsjensk eksilminister som bur i London.

Zakayjev var demokratisk valgt som visestatsminister og utanriksminister i Tsjetsjenia, fram til han flykta grunna den russiske invasjonen i 1999. Zakayjev har i dag eit nettverk i Tsjetsjenia og jobbar aktivt som eksilminister i ei eksilregjering i London. I intervjuet med han fortalte Zakayjev at han kjente godt til dødsfalla til både Umar Bilemkhanov og Aпти Nazjujev. Den offisielle årsaken til Umar Bilemkhanov var at han døde i ei bilulykke i Grozny. Zakayjev sa at både Bilemkhanov og Nazjujev var blitt drept av myndigheitene i landet, fordi den eine hadde vore aktiv motstandsmann mot regimet og den andre hadde familiemedlemmar som hadde vore aktive i motstandskampen. På spørsmål om Bilemkhanov døde i ei bilulykke svarte eksilminister Zakayjev at han hadde blitt torturrert og drept, og så plassert i ein bil for at det skulle sjå ut som ei bilulykke. Zakayjev sa at dette var ein vanleg måte for myndigheitene i Tsjetsjenia å drepe folk myndigheitene ikkje likar.

Eg gjekk til NRK med denne informasjonen, men fekk svar at dei framleis ikkje ville publisere saka. Det kunne eventuelt bli aktuelt om Iznaour Dibirov som sat på Trandum ville få saka si behandla på nytt, grunna den beviselige feilen i hans rettsak. Etter kort tid kom svaret frå UNE om at han ikkje ville få saka si behandla på nytt, og at han skulle ut av Norge innan kort tid.

Fordi eg meinte dette var ei sak som var godt dokumentert med obduksjonsrapport, rettsdokument, uttalelsar frå Zakayjev, Memorial og Den norske Helsingforskomitè blant andre, ville eg ha saka publisert. I tillegg vurderte eg at påstandane til Den norske Helsingforskomitè og Memorial at det kunne vere fare for dei to på Trandum, kunne vere relevante. Eg vurderte det slik at alle sakene hadde mykje dokumentasjon bak seg, og at dette er saker som offentlegheita burde få vite om. I og med at NRK ikkje ville publisere saka, sendte eg epost til innanriksleiinga, og spurde om korleis NRK ville sjå på om eg gjekk vidare med ei sak eg gjorde som frilansar, ikkje hadde teke betalt for og som dei ikkje ville publisere. Svaret var at "NRK ikke kan nekte deg å gå vidare med denne saken". Det signaliserte til meg at dei ikkje var direkte begeistra for at eg gjekk til andre med saka. Då gjorde eg det klart at eg kom til å gå vidare med saka og ikkje ta betaling for dei fire dagane eg jobba for NRK. Eg bestemte meg for å gå til Ny Tid som er ei lita avis og som ikkje har spesielt tiltalende frilansbudsjett, men som har journalistar og ein redaktør med høg integritet. Det var eit dilemma

for meg å gå vidare med saka, ettersom dette ville føre til at leiinga i NRK Innanriks tydeleg ikkje likte dette, og at vurderte om dette potensielt kunne få konsekvensar for mitt vidare tilkallingsvikariat i NRK. Konklusjonen var at eg fann dette ei viktig samfunnsmessig sak med vesentlegheit for debatten rundt asylprosessen og rettssikkerheita til asylsøkarar. Etter saka blei publisert blei fekk eg ein mail frå NRK der eg blei bedt om å skriftleg forklare meg korfor eg gjekk vidare med saka, og at dei såg alvorleg på at eg publiserte sitata som NRK ikkje brukte. Eg skulle også i eit møte om dette, men eg ba om å få møtet utsett grunna juleferie og om å ta opp møtet over nyttår. I skrivande stund har eg ikkje blitt kalla inn til dette møtet på nytt. Dagen før publisering i Ny Tid sa eg ifrå til UNE at saka ville kome i Ny Tid og ikkje i NRK. Reaksjonen var at kommunikasjonssjefen i UNE gjorde det klart at dei då ville gå til PFU, fordi eit intervju dei gav til meg for NRK, ville bli publisert i Ny Tid. Eg vurderte det til at det viktigaste presseetiske prinsippa var oppfylt: UNE ville kome til orde i Ny Tid si sak på akkurat same måte, med akkurat dei same svara i og med at det var den nøyaktig same saka med dei same problemstillingane. Eg vurderte at det også var viktig å få saka ut, og at det kunne tenkast at UNE ikkje ville stille til intervju på nytt. UNE brukte også som argument at dei ville vurdert å ikkje stille til intervju, om det var Ny Tid som kontakta dei og ikkje Dagsrevyen, slik det var i starten. I skrivande stund har ikkje UNE klaga inn verken meg, NRK, eller Ny Tid, slik dei gjorde klart dei sterkt vurderte etter eg sa ifrå at saka ville kome i Ny Tid. Saka blei publisert 17. desember i Ny Tid. Først blei den plukka opp og sitert av NTB. Etterkvart blei den sitert av Dagbladet, VG, Nettavisen med fleire. Aftenposten gjorde eigne og nye intervju med UNE og advokat Brynjulf Risnes, i tillegg til at dei siterte Ny Tid. Sakene låg som toppsaker på nett for Aftenposten og Nettavisen i fleire timar. At alle dei største norske riksdekkande mediene siterte Ny Tid og slo opp denne saka, var personleg tildredsstillande, etter at NRK hadde avvist saka av grunnar eg framleis stussar over. Reaksjonane til NRK og UNE gjorde at publisering eller ikkje var eit dilemma for meg. Sitering og store oppslag i andre medier gjorde at eg følte enno meir støtte for valet eg tok.

Om tida brukt på arbeidet

Reint formelt jobba eg fire dagar med dei to første sakene. Reelt sett har eg brukt rundt tre fulle arbeidsveker, medrekna all research, intervju og skriving. Eg jobba tre arbeidsdagar med å finskrive og tilpasse saka for Ny Tid. Resten av arbeidet har eg gjort på fritida mi og på ettermiddagar og kveldar.

Kjelder

Umar Bilemkhanov

Skriftlege kjelder:

Dom frå Oslo tingrett, Saksnr 11-047152TVI-OTIR/08. Vedlegg 1. Her kjem det blant anna fram at retten meinte det var farleg for Umar Bilemkhanov å bli sendt tilbake til Tsjetsjenia, men at retten meinte han ville vere trygge i andre delar av Russland, det vil sei såkalla internflukt. Det kjem fram i rettsdokumenta at UDI og UNE meinte han ville vere trygg andre stadar i Russland. Det kjem også fram at retten meiner det er korrekt at Bilemkhanov blei torturrert i Tsjetsjenia før han flykta til Norge, og at det stemmer at hans bror som var opprørar blei drept. Retten slår også fast at slektningar av opprørarar er utsatt for førfølgelse og tortur i Tsjetsjenia, og at hans bror, Adam Bilemkhanov var ein kjent opprørar som blei torturrert og drept.

Egenerklæring til Memorial om tortur, vedlegg 2. Dette er ei egenerklæring frå Umar Bilemkhanov datert 15. mars 2012. Her fortel Bilemkhanov at han reiste tilbake til Tsjetsjenia etter å ha fått melding om at hans far var arrestert av tsjetsjenske myndigheiter, og mogleg drept. Han forklarar han reiste tilbake for å prøve å berge og finne ut av kva som hadde skjedd med faren. Her melder han om at han blei arrestert, og torturrert med elektriske kablar blant anna. Han skriv vidare at han fryktar for livet sitt og at han vil bli forfulgt.

Muntlege kjelder:

Den norske Helsingforskomitè ved seniorrådgjevar Lene Wetteland og Inna Sangadzhieva. Umar Bilemkhanov kontakta Den norske Helsingforskomitè og dei var inne som vitne i hans rettsak i Oslo tingrett. Det var også Memorial. Den

norske Helsingforskomitè fulgte Bilemkhanov i Norge og etter at han blei sendt til Russland.

Advokat Brynjulf Risnes. Risnes representerte Bilemkhanov i Tingretten.

Svetlana Gannushkina, styremedlem i Memorial og nominert til Nobels Fredspris i 2012 av Erna Solberg. Representantar frå Memorial møtte Bilemkhanov på flyplassen i Moskva då han blei sendt ut av Norge, og fulgte saka hans etter han kom tilbake til Tsjetsjenia.

Utlendingsnemda, UNE. Dei uttalte seg på vegne av norske utlendingsmyndigheiter.

Akhmed Gizajev, tsjetsjensk advokat busett i Oslo. Uttalte seg i retten om faren for forfølgelse.

Apti Nazjujev

Skriftlege kjelder:

Tsjetsjensk obudksjonsrapport, vedlegg 1. Her kjem det fram at han døde som følger av tortur. UNE sitt avslag frå 13.04.2011, vedlegg 2.

Muntlege kjelder:

Den norske Helsingforskomitè ved seniorrådgjevar Lene Wetteland og Inna Sangadzhieva. Apti Nazjujev kontakta Den norske Helsingforskomitè og dei kom med uttalelse som blei brukt av hans advokat i UNE.

Abid Raja, var nemdledar og stoppa nemdsmøte etter ein time. Nemdsmøte tek vanleg vis ein arbeidsdag. Raja ønska ikkje å uttale seg eller å stille til intervju.

Utlendingsnemda, UNE. Dei uttalte seg på vegne av norske utlendingsmyndigheiter.

Advokat Brynjulf Risnes, representerte Nazjuev i Utlendingsnemda og i nemdsmøte.

Akhmed Gizajev, tsjetsjensk advokat busett i Oslo.

Svetlana Gannushkina, styremedlem i Memorial og nominert til Nobels Fredspris i 2012 av Erna Solberg.

Aset Nazjujeva, søster busett i Sverige.

Iznour Dibirov

Skriftlege kjelder:

Dom i Oslo tingrett, saksnr: 13-130005TVI-OTIR/04, vedlegg 1. Side 8 står det "Opplysningene om Aпти Nazjujev stemmer ikke og retten må se bort fra påstandene om at Dibiroy's fetter ble drept".

UNE sitt vedtak i hans sak, datert 31.05.2013, vedlegg 2.

Skriftleg uttalelse frå Memorial, vedlegg 3. Her kjem det fram at 10 ulike vitner har stadfesta at Dibirov blei arrestert og torturert tidlegare. Memorial skriv også at det er fare for at han kan bli bortført av maktstyrker i Russland.

Psykologisk vurdering gjort av psykolog Cacilie Kolfaath Larsen, vedlegg 4. Slår fast at han lider av PTSD som følge av tortur. I denne legeerklæringa er det også referert til andre legeerklæringer ved DPS Lillehammer, som slår fast at han lider av PTSD som følge av tortur.

Muntlege kjelder:

Den norske Helsingforskomitè ved seniorrådgjevar Lene Wetteland og Inna Sangadzhieva. Iznour Dibirov kontakta Den norske Helsingforskomitè og dei

kom med uttalelse i både UNE og Oslo tingrett om at han risikerer forfølgelse i Russland og Tsjetsjenia.

Utlendingsnemda, UNE. Dei uttalte seg på vegne av norske utlendingsmyndigheiter.

Advokat Jostein Løken, representerte Dibirov i Utlendingsnemda og i Oslo tingrett.

Akhmed Gizajev, tsjetsjensk advokat busett i Oslo.

Svetlana Gannushkina, styremedlem i Memorial og nominert til Nobels Fredspris i 2012 av Erna Solberg.

Iznour Dibirov, blei intervjuet av meg då han sat på Trandum.

"Jonas"

"Jonas" lot seg intervjuet på Trandum under lovnad av anonymitet, fordi han fortalte han frykta forfølgelse om han blei sendt ut og russiske/tsjetsjenske myndigheiter fann han i norsk presse. I tillegg frykta han represalier mot familien i Tsjetsjenia. Eg fekk full innsikt i hans sak, dokument og friheit til å stille alle spørsmål eg ville. Sladda versjon av desse dokumenta vil bli delt med SKUP etter ønske. Datoane i rettsdokumenta gjer det mogleg å spore kven dette dreier seg om, desse dokumenta vil bli delt med juryen i sladda versjon (navnet strøket over) om det er ønske om det. Då må SKUP garantere for at kjeldevernet ikkje vil bli kompromitert på noko som helst måte. Under lovnad om dette, vil SKUP få innsyn i desse dokumenta.

Skriftlege kjelder:

Skriftleg uttalesle frå Memorial/Sivil medvirkning, vedlegg 1. Stadfesting av at "Jonas" hadde blitt utsett for forfølgelse og tortur med elektriske kablar, blant anna.

Avslag frå UNE på omgjøring, datert 27.04.2015, vedlegg 2. Kjem fram at UNE no ikkje tvilar på at han har blitt torturert, men at ein ikkje kan slå fast kven som står bak torturen. UNE meiner ogs at avriving av naglar ikkje er ein kjent torturmetode i Tsjetsjenia.

Dom frå Oslo tingrett, frå juni 2014, vedlegg 3. Her kjem det fram at "Jonas" vant i Oslo tingrett og at retten meinte at han måtte få bli i Norge fordi UNE hadde gjort fleire feil i hans saksehandling.

Rapport frå Folkehelseinstituttet om skader, datert 20. november 2014. Vedlegg 4. Kjem fram at skadene han har (avrivne naglar) samsavarar med tortur og skader frå tortur.

Dom frå Borgarting lagmansrett, der UNE anka den første rettssaka. Dom frå august 2015, vedlegg 5. Her kjem det fram retten ikkje finn han truverdig og at hans historie ikkje er sannsynlig.

Muntlege kjelder:

Den norske Helsingforskomitè ved seniorrådgjevar Lene Wetteland og Inna Sangadzhieva. Iznaour Dibirov kontakta Den norske Helsingforskomitè og komiteen kom med uttalelse i retten om at han risikerar forfølgelse i Russland og Tsjetsjenia.

Utlendingsnemda, UNE. Dei uttalte seg på vegne av norske utlendingsmyndigheiter.

Advokat Brynjulf Risnes, representerte "Jonas" i Utlendingsnemda og i retten.

Akhmed Gizajev, tsjetsjensk advokat busett i Oslo.

Svetlana Gannushkina, styremedlem i Memorial og nominert til Nobels Fredspris i 2012 av Erna Solberg.

"Jonas", blei intervjuet av meg då han sat på Trandum.

Om dokumentasjonen og etiske vurderingar

Flesteparten av dokumenta frå retten og avslaga frå UNE fekk eg frå advokat Løken og Risnes. Dokumenta frå Memorial fekk eg frå Den norske Helsingforskomitè. Obduksjonsrapporten fekk eg også frå Den norske Helsingforskomitè.

Det blir ofte sagt at alle kjelder har ein agenda, og det stemmer ofte, også i desse sakene. Dei to på Trandum hadde ein klar agenda: Å ikkje bli sendt ut av Norge. Dette hadde eg i mente då eg intervjuet dei. Dog kan ein seie at begge to hadde dokumentasjon som støtta opp om deira påstand om at dei hadde blitt torturert tidlegare. Den eine hadde ein rapport frå Folkehelseintstuttet som underbygde denne påstanden, og den andre hadde fleire leggerklæringar. Den eine var frå ein psykolog som han sjølv hadde hyra inn, men, han hadde også uttalelsar frå DPS Lillehammer og fastlege. Dei hadde også uttalelsar frå Memorial og Den norske Helsingforskomitè, noko som eg vurderte til å styrke deira truverde. Det var for meg umogleg å slå fast om dei hadde blitt torturert og om dette kunne skje, men dei hadde dokumentasjon og uttalelsar som støtta opp om dette. Eg vurderte det på den måten at eg ville presentere dette frå både UNE og asylsøkarane si side, og så fikk lesarane sjølv bedømme og vurdere.

Når det kjem til Den norske Helsingforskomitè har dei også eigeninteresser. Dei kan ha interesser av medieomtale for å styrke sin posisjon eksempelvis. Vurderinga mi var at dei kom med svært verdifull og vesentleg dokumentasjon. Blant anna obduksjonsrapporten til Apti Nazjujev, som var viktig for dokumentere at ein avvist asylsøkar døde grunna tortur. I tillegg baserte dei uttalelsane sine på rapportar frå Landinfo og andre skriftlege etterprøvbare kjelder. Eg fekk innsyn i absolutt alle dokument eg spurde etter. Nokon vil kunne skulde dei for å vere ein organisasjon som i for stor grad bistår asylsøkarar med opphald. Eg erfarte sjølv at dei avviste saker dei ikkje ville uttale seg om, fordi dei meinte at det ikkje var reelt behov for beskyttelse. Hovudinstrykket mitt var at dei dokumenterte det dei kom med generelt sett svært godt. Det eg har funne ut i ettertid som ikkje stemte, var ein uttalelse om Umar Bilemkhanov. Dette va

ein uttalelse av Svetlana Gannushkina i Memorial, der ho uttalte at han blei sendt med tvang i politikolonne til Tsjetsjenia. Dette viste seg seinare å ikkje stemme, fordi Gannushkina forveksla han med ein annan tsjetsjenar som blei sendt ut frå eit anna europeisk land. Dette var ein uttalelse som ikkje kom frå Den norske Helsingforskomitè. Eg oppfatta dette som ei forveksling og ikkje eit bevisst forsøk på å forleding.

Advokatane Risnes og Løken er nettopp begge advokatar med den rollen det medfører. Det er noko eg var bevisst på undervegs. Begge to hadde dokumentasjon som legerklæringar og uttalelsar frå Memorial og rettsdokument som var relevante og som underbygga deira påstandar.

UNE var den parten som blei skulda for å ha gjort feil og var i forsvarsposisjon. Det kan tenkast at UNE ønska å sannsynleggjer at dei ikkje hadde gjort noko feil og tone ned betydninga av dokumentasjonen og truverdigheita til asylsøkarane på Trandum. Erfaringa mi var at under intervjuet sa talspersonen frå UNE ting som var direkte feil. Blant anna sa dei at dei ikkje hadde sett legeerklæringa til "Jonas" frå Folkehelseinstituttet. I UNE sitt eige avslag står det svart på kvitt at dei hadde vurdert denne erklæringa, men at den ikkje sa noko om kven som kunne ha dratt ut naglane på "Jonas". Det blei også sagt at begge dei to som var døde hadde blitt drept, noko talspersonen tidlegare i intervjuet hadde avvist. Eg vurderte det til at ein del feil som blei sagt her var forvekslingar og ikkje bevisst forleding. Eg stussar dog framleis på korfor talspersonen hardnakka hevda at dei ikkje hadde sett erklæringa om tortur frå Folkehelseinstituttet. UNE fekk rundt ei veke på å førebu seg til intervjuet og eg sendte over obduksjonsrapporten og det eg hadde av relevant dokumentasjon. Då framstår det som spesielt at det blir hevda at dei ikkje hadde sett rapporten frå Folkehelseinstituttet, dog den var via stor plass i det skriftelege avslaget til UNE. UNE hevda også at Aпти Nazjujev reiste direkte frå Norge til Tsjetsjenia med IOM, og at han slik ikkje kunne ha fått noko trusslar av FSB i Moskva. Det går ikkje direkte fly frå Norge til Tsjetsjenia og IOM har bekrefta at flyet med Nazjujev mellomlanda i minst eit døgn i Moskva. Dette står i direkte kontrast til det som UNE uttalte. Dette gjorde at eg blei i stuss over om desse feila var forvekslingar, eller noko anna. Dette var det ein kan kalle ei kjeldekritisk utfordring.

Om hypotesene

Etterkvart blei det slått fast det ikkje var tvil om at dei to utsendte var døde. Den eine var dokumentert død som følge av tortur. Den andre var funnen død i det fleire kjelder meiner var ei arrangert bilulykke. Kva som faktisk har skjedd er nesten umogleg å bevise utan å vere tilstades å bevitne og dokumentere det. UNE kan på si side seie at dokumentasjonen ikkje seier noko om kven som står bak dødsfalla. Det er korrekt. Samtidig er det mange vektige organisasjonar som Memorial og Den norske Helsingforskomitè, eksilpolitkarar, familiemedlemmar og andre som meiner at det var myndigheitene som stod bak dødsfalla. Eg kan ikkje konkludere med at maksimumshypotesa "To tsjetsjenske asylsøkarar som fekk avslag i Norge blei torturert og drepne av tsjetsjenske myndigheiter etter dei kom tilbake til heimlandet" stemmer. Dog meiner eg at fleire vektige kjelder og dokument bygger opp under påstanden om at det kan ha skjedd. Det blir snakk om sannsynlegheit for at det kan ha skjedd. I desse sakene kan eg ikkje konkludere, men eg valgte å så objektivt som råd der begge partar får sleppe til, presentere saka slik at lesarane sjølv kan sette seg inn i sakene og danne seg ei oppfatning.

Spesielle erfaringer eg vil nemne?

Dette har vore den mest spesielle saka eg har jobba med sålangt, fordi saka har avdekka at folk har blitt funne døde og torturerte etter dei har fått avslag i Norge. Obduksjonsrapporten vitnar om grov tortur. Det er når ein ser bilete av dei to og snakkar med familiemedlemmar at det slår ein at dette er ekte mennesker, der begge har små barn og enker som sit igjen utan far og mann. Det har også vore interessant å sjå korleis norske riksdekkande medier har sitert og vidareformidla noko som er ei lite kommersiell og "salgbar" sak i tabloid forstand. Det har også vore interessant å sjå korleis det tsjetsjenske eksilmiljøet samla seg til demonstrasjon 2. januar utanfor Stortinget og den russiske ambassaden, noko dei ikkje har gjort på mange år. Fleire av demonstrantane uttalte til Ny Tid at ein av motivasjonane for at dei no samla seg igjen var

artikkelen i Ny Tid og at norske medier igjen sette søkelys på Tsjetsjenia og situasjonen i landet. Det var også interessant for meg å sjå at NRK ikkje valgte å publisere eller sitere saka, etter at UNE sjølv skriv at dei har vore i dialog med NRK som skal ha sagt til UNE at dei meinte saka ikkje var godt nok dokumentert. Samtidig er det tilsvarande interessant for meg å sjå at ei lita uavhengig avis som Ny Tid velger å publisere den og at alle dei andre riksdekkande mediene omtalte saka.